SØNDAG FOR DE FORFULGTE

# OFFERTEKST 2023

**<u>BOKMÅL: Forslag 1 – med historie</u>**

Hamid levde kun for neste rustripp. Som titusenvis av andre narkomane iranere hadde han mistet alt håp. Han hatet alt levende. Truet til seg penger fra foreldrene med kniv. Vasket seg ikke. Spiste ikke. Levde ikke. Alt var rus.

Foreldrene hadde forsøkt alt, til og med fått politiet til å arrestere ham. Broren, som i hemmelighet var blitt kristen, hadde tatt han med til presten Ron i en av de få menighetene som ennå fantes i landet. Ron hadde forsøkt å snakke med han og be for han, men det var som om ingenting nådde inn. **Til slutt ga alle rundt Hamid ham opp. Foreldrene. Broren. Presten.**

Han ble til slutt plassert på et avrusningssenter. Ettersom rusen forlot kroppen, kom tomrommet tilbake. Det var ikke rusabstinenser, men en lengsel. Han ringte broren og spurte om å få et nytestamente.

I skjul leste Hamid om Han som elsker alt som lever, og kjente at det indre tomrommet ble fylt av Guds grenseløse, tilgivende kjærlighet. Hamid visste godt om farene ved å være en kristen i Iran. Men han sa til seg selv: «Jeg vil heller sitte i fengsel for Jesus enn for narkotikamisbruk.» Da han kom ut og ville lære mer om den kristne tro, dro han til kirken. **Men den var øde og forlatt. Han fikk høre at presten Ron var blitt fengslet. Uten rettsak. Uten forsvarer.** Da han omsider hadde blitt sluppet ut, var han tvunget til å flykte fra landet for å redde livet. Det er slik det iranske regimet sakte, men sikkert forsøker å kvele den kristne tilstedeværelsen i landet: ved å fjerne lederne. Likevel kommer tusenvis til tro.

7 år senere reiser pastor Ron på en hemmelig lederkonferanse. Blant deltakerne dro pastor Ron plutselig kjensel på noen. Det var Hamid! Nå sunn og i godt hold. **Han hadde ikke bare beholdt troen, men gjennom Hamid hadde 80 mennesker kommet til tro!** Hamid var blitt pastor. Det ble et hjertelig gjensyn.

Midt i en hverdag preget av opptøyer, arrestasjoner og henrettelser og hvor regimet stadig strammer inn ytringsfriheten for folket i Iran, har det vokst frem en stor, ung kristen befolkning. De holder ut i store prøvelser med sikkerhetspolitiet i hælene. Ikke bare skal de passe på å ikke bli oppdaget, de skal samtidig lede store grupper av kristne på en god og omsorgsfull måte. Det er en enorm påkjenning for Hamid og de andre unge lederne! Derfor er det nettopp så viktig for dem at du og jeg viser at de ikke står alene!

Dagens offer går til Stefanusalliansen sitt arbeid for trosfrihet og forfulgte kristne. Historien om Hamid minner oss på at vi må stå sammen med de forfulgte. Om lag ¾ av verdens befolkning lever i land hvor trosfriheten er en mangelvare eller ikke til stede. Stefanusalliansen hjelper og støtter kirker, grupper eller enkeltmennesker som lever under press, diskriminering og forfølgelse – på grunn av sin tro.

**Takk for din gave!**

**Vipps** 19013<br>
**Kontonummer** 3000 14 57922

SØNDAG FOR DE FORFULGTE

**BOKMÅL: Forslag 2 – generell tekst**

**Dagens offer går til Stefanusalliansen sitt arbeid for trosfrihet og forfulgte kristne.** Stefanusalliansen hjelper og støtter kirker, grupper og enkeltmennesker som lever under press, diskriminering og forfølgelse på grunn av sin tro. Stefanusalliansen samarbeider med lokale kirker, organisasjoner og enkeltpersoner, og har ikke egne utsendinger.

Ditt bidrag i dag går derfor til Kiran i Pakistan som lever i skjul etter hun ble kidnappet, tvangskonvertert og tvangsgiftet med en eldre muslimsk mann; det går til Hamid fra Iran som ble kristen på avrusning og nå er pastor som har ledet 80 mennesker til tro; det går til Dae fra Nord-Korea som risikerer å bli arrestert og drept dersom noen finner ut om den kristne troen sin; **og alle andre mennesker som opplever å ikke kunne fritt ha en tro, praktisere troen sin eller skifte tro.**

**Takk for din gave!**

**Vipps** 19013
**Kontonummer** 3000 14 57922

SØNDAG FOR DE FORFULGTE

**NYNORSK: Forslag 1 – med historie**

Hamid levde berre for neste rustripp. På same måte som tusenvis av andre narkomane iranarar hadde han mista alt håp. Han hata alt levande. Trua til seg pengar frå foreldra med kniv. Vaska seg ikkje. Levde ikkje. Alt var rus.

Foreldra hadde forsøkt alt, til og med fått politiet til å arrestere han. Broren, som i løyndom var blitt ein kristen, hadde teke han med til presten Ron i ei av dei få kyrkjelydane som fortsett fanst i landet. Ron hadde prøvd å snakke med han og be for han, men det var som om ikkje noko nådde inn. **Til slutt ga alle rundt Hamid han opp. Foreldra. Broren. Presten.**

Han blei til slutt plassert på eit senter for avrusing. Ettersom rusen forlet kroppen, kom tomromet tilbake. Det var ikke rusabstinensar, men ein lengsel. Han ringte broren og ba om å få eit nytestamente.

I skjul las Hamid om Han som elskar alt som lever, og kjende at det indre tomromet vart fylt av grenselaus, tilgjevande kjærleik frå Gud. Hamid visste godt om farane ved å vere ein kristen i Iran. Men han sa til seg sjølv: «Eg vil heller sete i fengsel for Jesus enn for narkotikamisbruk.» Då han kom ut og ville lære meir om den kristne trua, drog han til kyrkja. **Men ho var aude og forlatt. Han fekk høyre at presten Ron var blitt fengsla. Utan rettssak. Utan forsvarar.** Då han etterkvart hadde blitt sluppen ut, måtte han flykte frå landet for å redde livet. Det er slik det iranske regimet sakte, men sikkert prøvar å kvele det kristne nærveret i landet: ved å fjerne ledarane. Likevel kjem tusenvis til tru.

7 år seinare reiser pastor Ron på ein hemmeleg ledarkonferanse. Blant deltakarane drog pastor Ron brått kjensel på nokon. Det var Hamid! No sunn og i bra hald! **Han hadde ikkje berre halde på trua, men gjennom Hamid hadde 80 menneske kome til tru!** Hamid var blitt pastor. Det vart eit hjarteleg gjensyn.

Midt i ein kvardag prega av opptøyar, arrestasjonar og avrettingar og der regimet stadig strammar inn ytringsfridomen for folket i Iran, har det vakse fram ei stor, ung kristen befolkning. Dei held ut i store prøvingar med sikkerheitspolitiet i hælane. Ikkje skal dei berre passe på å ikkje bli oppdaga, dei skal samtidig lede store grupper av kristne på ein god og omsorgsfull måte. Det er ei enorm påkjenning for Hamid og dei andre unge ledarane! Derfor er det nettopp så viktig for dei at du og eg viser at dei ikkje står aleine!

Offeret i dag går til Stefanusalliansen sitt arbeid for trusfriheit og forfølgde kristne. Historia om Hamid minner oss på at vi må stå saman med dei forfølgde. Om lag ¾-del av verda si befolkning lever i land der trusfriheita er ei mangelvare eller ikkje er til stades. Stefanusalliansen hjelper og støttar kyrkjer, grupper eller enkeltmenneske som lever under press, diskriminering og forfølging – på grunn av trua si.

**Takk for di gåve!**

**Vipps** 19013

**Kontonummer** 3000 14 57922

SØNDAG FOR DE FORFULGTE

<u>**NYNORSK: Forslag 2 – generell tekst**</u>

**Offeret i dag går til Stefanusalliansen sitt arbeid for trusfriheit og forfølgde kristne.** Stefanusalliansen hjelper og støttar kyrkjer, grupper og enkeltmenneske som lever under press, diskriminering og forfølging på grunn av trua si. Stefanusalliansen samarbeider med lokale kyrkjer, organisasjonar og enkeltpersonar, og har ikkje eigne utsendingar.

Bidraget ditt i dag går difor til Kiran i Pakistan som lever i skjul etter at ho blei kidnappa, tvangskonvertert og tvangsgifta med ein eldre muslimsk mann; det går til Hamid frå Iran som blei kristen på avrusing og no er pastor som har leda 80 menneske til tru; det går til Dae frå Nord-Korea som risikerer å bli arrestert og drepen viss nokon finn ut om den kristne trua; **og alle andre menneske som opplever å ikkje kunne fritt ha ei tru, praktisere trua si eller skifte tru.**

**Takk for di gåve!**

**Vipps** 19013

**Kontonummer** 3000 14 57922